



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for kultur og oppvekst**

# **VERKSEMDSPLAN**

## **FOR**

### **Fyresdal kulturskule**

#### **2011 – 2012**

1. gong vedtatt: november 2010  
Sist revidert: august 2011

## Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
1.1	Generelt om kulturskulen .....	3
1.2	Økonomi.....	3
1.3	Teknisk satsing .....	3
1.4	Kontakt og informasjon .....	3
1.5	Musikkundervisning .....	3
1.6	Gruppeundervisning.....	3
1.7	Den kulturelle skulesekken og beremeisen - KULTURNYKELEN .....	4
1.8	Den kulturelle spaserstokken.....	4
1.9	Musikkundervisning i ungdomsskulen .....	4
<b>2</b>	<b>ORGANISERING</b> .....	<b>5</b>
2.1	Administrasjon i Fyresdal kulturskule.....	5
2.2	Andre som arbeider på skulen .....	5
2.3	Kontakt med kulturskulen.....	5
2.4	Rektor: .....	5
2.5	Lærarar: .....	5
<b>3</b>	<b>RÅDSORGAN VED FYRESDAL KULTURSKULE</b> .....	<b>6</b>
3.1	Innleiing.....	6
3.2	Samarbeidsutvalet (SAMU) .....	6
<b>4</b>	<b>FYRESDAL KULTURSKULE SINE MÅLSETTINGAR</b> .....	<b>7</b>
4.1	Målplakat for Fyresdal kulturskule .....	7
4.2	Målsettingar .....	7
4.3	Målsettingane for Kultur og oppvekst i økonomiplanen til Fyresdal kommune 2010.	7
4.3.1	Mål for økonomiplanperioden 2010-2013 Sektormål .....	7
4.3.2	Leiing og medarbeidarutvikling .....	8
4.3.3	Felles fagmål .....	8
4.3.4	Fagmål kultur .....	8
4.4	Korleis arbeide med målsettingane.....	8
<b>5</b>	<b>VEDTEKTER FOR FYRESDAL KULTURSKULE</b> .....	<b>9</b>
<b>6</b>	<b>UTVIKLINGSTILTAK</b> .....	<b>11</b>
6.1	Tilsette .....	11
6.2	Utvikling av nye tiltak .....	11
6.3	Utvikling av fagplanar.....	11

# 1 INNLEIING

## 1.1 *Generelt om kulturskulen*

Fyresdal kulturskule er ein kulturskule med mellom 60 og 100 elevar. Dette inkluderar om lag 60 elevar innan fagfeltet musikk og om lag 40 elevar innan gruppetilbod. Talet på elevar varierar etter storleiken av midlar som vert sett av til gruppetilbod.

Kulturskulen nyttar lokala til Gimle skule som ligg midt i Fyresdal sentrum, i nærleiken av helsehus, barnehage, bibliotek, symjehall og samfunnshus. Vi nyttar samfunnshuset til gjennomføring av konsertaktivitet.

## 1.2 *Økonomi*

Fyresdal kulturskule har eit årlig budsjett på rundt 1,1 millionar kroner som skal dekkje løn og andre driftsmidlar. Dei største utgiftspostane er løn. Kulturskulen har hatt grei økonomi i høve til at vi har relativt romslege rammer til innkjøp av utstyr. Dei siste 9 åra har vi jobba mykje med å byggje opp ein god utstyrspark, der fokuset har vore kvalitet på instrument, lydutstyr og anna utstyr.

## 1.3 *Teknisk satsing*

Fyresdal kulturskule brukar IKT som verktøy, og dei fleste lærarane brukar pc i undervisninga. Vi har brukt mykje midlar på innkjøp av fleire program for datakomposisjon og lydmanipulering, i tillegg til notasjonsprogram. Fleire av lærarane i kulturskulen har ei berbar multimediamaskin som arbeidsverktøy. I tillegg har vi ekstern harddisk og eksterne lydkort på dei pc-ane som er mindre maskiner.

## 1.4 *Kontakt og informasjon*

Fyresdal kulturskule har ei eiga side under kommunen si heimeside. Denne vert brukt i høve informasjon om vedtekter, verksemdsplan og tilbod. I tillegg nyttar vi digitale søknadsskjema som ligg på heimesida. Sjå <http://www.fyresdal.kommune.no>

## 1.5 *Musikkundervisning*

Fyresdal kulturskule er stolte av utdanningsnivået på lærarane innan musikk. Majoriteten av lærarane har fagleg sett ei høg kompetanse, noko som gjennomsyrrar kvaliteten på undervisninga. Vi har undervisning innan vokal, strenge-, klaviatur-, perkusjon, og blåseinstrument. Vi prøvar til ei kvar tid å imøtekome ynskjer frå elevar.

## 1.6 *Gruppeundervisning*

Fyresdal kulturskule har eit mål om å oppretthalde og utvikle tilboda innan ulike fagfelt, gjennom gruppeundervisning. Hausten 2011 har vi gruppetilbod innan dans og turn, teater og kunst. Desse tilboda gjeld for elevar i SFO-alder. Vi ynskjer å

utvikle breiare tilbod innan teater, kunst og handverk, dans, datakomposisjon og låtskriving. Desse tilboda ynskjer vi å utvikle til å gjelde fleire aldersgrupper.

### **1.7 Den kulturelle skulesekken og beremeisen – KULTURNYKELEN**

Fyresdal kulturskule er ansvarlege som koordinator for rullering og gjennomføring av den lokale planen innan den kulturelle skulesekken og beremeisen KULTURNYKELEN. Lærarressursane innan kulturskulen vert brukt innan ulike fagfelt på gjennomføringa av tiltak.

### **1.8 Den kulturelle spaserstokken**

Fyresdal kulturskule er ansvarlege som koordinator for gjennomføring av den kulturelle spaserstokken. Vi søker løpande om midlar til dette, og utarbeidar ein lokal plan for å sikre arbeidet. Lærarressursane innan kulturskulen vert brukt innan ulike fagfelt på gjennomføringa av tiltak.

### **1.9 Musikkundervisning i ungdomsskulen**

Eit prosjekt vi er svært stolte av er overtakinga av all musikkundervisninga i ungdomsskulen. Fyresdal kulturskule har ansvaret for all planlegging og gjennomføring av musikkundervisninga. Ein del av opplegget er lagt til ei musikkveke der vi har gjennomført ein stor produksjon med kulturskulelærarar saman med alle elevane på ungdomsskulen. Vi starta med musikkveka i 2003. Vi utvida opplegget skuleåret 2009/2010, og gjennomfører no fellesundervisning innan notelære og pop og rock-utviklinga, i tillegg til fagemner på kvar klasse.



## 2 ORGANISERING

### 2.1 Administrasjon i Fyresdal kulturskule

Fyresdal kulturskulen har rektor/avdelingsleiar kultur i 50% stilling. Vi har og noko nytte av ei merkantil stilling på 80% som er knytt til sektor for kultur og oppvekst.

### 2.2 Andre som arbeider i Fyresdal kulturskule

Namn	%	Underviser i:
Marit Van Delft	52	Kunst, gitar (elektrisk og akkustisk), bass
Freddy Brander	41	Piano, keyboard, orgel, datakomposisjon
Trygve Jarle Nedrebø	40	Direksjon og instruksjon Fyresdal Musikkorps
Martin Krause	40	Vokal, gitar, slagverk og perkusjon
Monica Sølyst	10	Dans og turn
Astrid Jupskås	8	Tverrfløyte

### 2.3 Kontakt med kulturskulen

Er barnet ditt sjuk eller av andre grunnar ikkje kan kome på kulturskulen, meld frå til:  
Rektor Sarke Veum, tlf: 35067105, mobil: 90011735  
Den einskilde lærar

### 2.4 Rektor:

- har hovudansvar for alle elevar og dei som jobbar på kulturskulen
- har hovudansvar for dagleg drift og økonomi
- har hovudansvar for planar og utviklingsarbeid

### 2.5 Lærarar:

- har ansvar for å planleggje og gjennomføre undervisning
- leggje timeplanar saman med rektor
- ha kontakt med heimane til elevane
- er den som har det daglege ansvaret for barnet ditt i undervisninga
- er den du tek kontakt med om du har spørsmål som gjeld barnet

### 3 RÅDSORGAN VED FYRESDAL KULTURSKULE

#### 3.1 Innleiing

Fyresdal kultur og oppvekst har i samarbeid med FAU-skule og FAU-barnehage utarbeidd ein plan for samarbeidet mellom heim og skule/barnehage/kultur. Planen er å finne på heimesida til Fyresdal kommune, under barnehage og Gimle skule.

#### 3.2 Samarbeidsutvalet (SAMU)

SAMU er felles for heile Kultur og oppvekst. Oppgåvene til SAMU finn de i "Heim/ skule/ barnehage- planen ".Vedtekter for SAMU finn de under Gimle skule.



## **4 FYRESDAL KULTURSKULE SINE MÅLSETTINGAR**

### **4.1 Målplakat for Fyresdal kulturskule**

#### **Kulturskulen sine mål er klare og forpliktande for alle.**

- Kulturskulen skal vere open, inkluderande og stimulere til mangfald.
- Kulturskulen stimulerer til læring og godt fagleg nivå.
- Kulturskulen skal vere ein god aktivitet for elevane, der kreativitet, skaparevne og meistring står i fokus.
- Skape glede og interesse for tradisjonsdans og tradisjonsmusikk.

### **4.2 Målsettingar**

Fyresdal kulturskule er eit kompetansesenter for Fyresdal kommune, og ynskjer å utvikle seg vidare med å utvikle nye tilbod for born og unge i Fyresdal. Vi jobbar etter målsettingane i økonomiplanen til Fyresdal kommune.

### **4.3 Målsettingane for Kultur og oppvekst i økonomiplanen til Fyresdal kommune for 2011**

#### **4.3.1 Mål for økonomiplanperioden 2011-2014 – sektormål:**

Vi skal vere samla i funksjonelle og inspirerande omgjevningar, skape gode oppvekstvilkår og stimulere til god læring og eit høgt fagleg nivå.

- Fokus på tidleg innsats innan basisfaga, slik at ein kan vise til forbetra resultat på prøver og testar
- Barn og ungdom får rettleiing og gode kvalitetssikra tilbod i tråd med eiga utvikling
- Vi har ein open dialog og eit godt samarbeid med brukarane
- Rørsle, ernæring og ei god psykisk og fysisk helse pregar kvar dag
- Kultur, kommunikasjon og sosial kompetanse er sentralt
- Alle får høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk
- Gode tilbod i barnehage, SFO og kulturskule
- Vi stimulerer til høg aktivitet i lag og organisasjonar
- Fokus på rusførebyggjande arbeid

#### **4.3.2 Leing og medarbeidarutvikling**

- jobbe aktivt med vaksenrolla i form av opplæring og kollegabasert opplæring
- fokus på IKT, sosial kompetanse og kommunikasjon i personalet
- jobbe med omdømmebygging i heile sektoren. Gjennomføre brukarundersøkingar i skule, barnehage og kulturskule
- gjennomføre ROS analyser på alle avdelingar, og jobbe med å innarbeide gode meldesystem for avvik/rutiner

#### **4.3.3 Felles fagmål**

- Jobbe aktivt med plan for kvalitetssikring av lese- og skriveopplæring 0 - 16
- Aktiv bruk av overgangsplan for barnehage og skule
- utvikle det nye biblioteket til å vere ein stimulerande arena til læring, leselyst og sosial samhandling
- jobbe aktivt med å forbetre tilbodet for barn og unge med behov for alternative opplegg
- sterk fokus på sosial kompetanse
- fokus på godt samarbeid med heimane

#### **4.3.4 Fagmål kultur**

- Jobbe aktivt for at ungdomsklubben og biblioteket held fram med å vere gode og lett tilgjengelege møteplassar for alle innbyggjarane
- Oppretthalde og vidareføre tilbodet i kulturskulen slik at dei vert faste tilbod
- Jobbe aktivt med kulturminnevern, blant anna gjere registreringar lettare tilgjengeleg for publikum
- Vidareføre Olsokdagane og Olsokspelet
- Utvikle strategiplan for *Den kulturelle skulesekken, beremeisen og den kulturelle spaserstokken*
- Starte arbeidet med kulturplan for Fyresdal kommune

#### **4.4 Korleis arbeide med målsettingane**

- Vi ønskjer at elevane i kulturskulen skal oppleve og erfare høg kvalitet på undervisninga gjennom kvalitetssikring av kompetansen på lærarane.
- Vi arbeider med innarbeiding av fagplanar innan dei ulike fagfelta slik at elevar og føresette får lettare oversikt over kva opplæring elevane får.
- Vi ynskjer å innføre ei brukarundersøking for alle i kulturskulen for å sikre kvalitet på tilbodet i høve brukarane.
- Fyresdal kulturskule ynskjer å vere i utvikling gjennom søking av ulike midlar og utviklingsprosjekt.

## 5 VEDTEKTER FOR FYRESDAL KULTURSKULE

- Gjeldande frå august 2011 -

### **MÅLSETJING**

***Kulturskulen sine mål er klare og forpliktande for alle.***

- Kulturskulen skal vere open og inkluderande og stimulere til mangfald.
- Kulturskulen stimulerer til læring og godt fagleg nivå.
- Kulturskulen skal vere ein god aktivitet for elevane, der kreativitet, skaparevne og meistring står i fokus.

### **ORGANISERING**

- Kulturskulen er eit kommunalt tilbod som gjev undervisning mot betaling.
- Rektor i kulturskulen har det faglege og administrative ansvaret for drifta.
- Det er tilsett timelærarar i kulturskulen.
- Samarbeidsutvalet for Fyresdal kultur og oppvekst er kulturskulens rådførande organ.

### **UNDERVISNING**

- Undervisningsåret for kulturskulen følgjer grunnskulen.
- Ein undervisningstime tilsvarar 60 minuttar.
- Undervisninga kan gå føre seg som individuell-, gruppe- eller klasseundervisning.
  - individuell undervisning varar i 20 minuttar for elevar i 1.-4. klasse, og 30 minuttar for elevar frå 5. klasse og oppover
  - grupper på to-fem elevar har undervisning i 40-60 minutt
  - klasseundervisning (grupper på fleire enn fem elevar) varar mellom 90 og 120 minutt

### **OPPTAK**

- Fyresdal kulturskule er open for alle som bur i Fyresdal kommune, men søkjarar mellom 6 og 18 år vert prioritert.
- Fyresdal kulturskule nyttar løpande opptak:
  - søkjaren har elevplassen i Fyresdal kulturskule til den blir sagt opp skriftleg
  - kulturskulen tek inn nye elevar dersom det vert ledige elevplassar, dette skjer gjennom året. Nye elevar kan søkje gjennom året
  - elevar får berre tilbod om ein individuell elevplass, med unntak av ledig kapasitet
  - ein elev kan ha både individuell time i tillegg til klasseundervisning
- Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp dersom det er ledige plassar.
- Opptaket vert gjort administrativt i samarbeid med timelærarane.
- Det skal sendast ut melding til alle søkjarar om resultatet av opptaket snarast mogleg.
- Eventuelle klager på opptaket skal sendast Fyresdal kulturskule innan 3 veker etter at søkjaren har motteke meldinga om opptaket. Eventuelle klager vil bli handsama av klagenemnda (formannskapet).

## ***ELEVVIKÅR***

- Oppseiing av elevplass skal skje skriftleg, og sendast rektor i kulturskulen.
- Frist for oppseiing for hausthalvåret er 1. juni, og for vårhalvåret er fristen 1. desember.
- Elevane skal møte presis og førebudde til timane.
- Fråvær skal meldast på førehand. Timar som fell bort grunna elevens fråvær har ikkje eleven krav på å få att.
- Elevane skal vise god framferd og rette seg etter dei krav som lærarane set.
- Eleven har ansvar for kulturskulens utstyr og inventar. Skader på til dømes instrument må erstattast etter avtale.
- Elevane kan leige instrument av kulturskulen, der prisen for eit halvår er kroner 100,- per elev.
- Elevane må sjølve koste ekstra undervisningsmateriell.
- Dersom heimen ynskjer kan ein få elevsamtale ein gong i året (vårhalvår).

## ***ØKONOMI***

- Kostnaden for elevplass vert fastsett i årsbudsjettet.
- Syskenmoderasjonen i Fyresdal kulturskule er 50%.
- Elevbetalinga vert krevd inn to gonger i året (oktober og april).
- Instrumentleiga vert fakturert saman med elevbetalinga.

Vedtatt i samarbeidsutvalet for kultur og oppvekst, 23.05.2011

Vedtatt i hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg, 14.09.2011



## 6 UTVIKLINGSTILTAK

### 6.1 Tilsette

Tiltak	Målgruppe	Tidsrom	Ansvarleg
Medarbeidersamtaler	Tilsette	Årleg	Rektor
Fagleg pedagogiske kurs	Tilsette	Årleg	Rektor
Sosiale arrangement	Tilsette	Årleg	Tilsette
Tilrettelegging og oppfølging av evt. sjukmeldte	Tilsette	Årleg	Rektor

### 6.2 Utvikling av nye tiltak

- Fyresdal kulturskule ynskjer å utvikle gruppebaserte tilbod innan fleire ulike fagfelt. Dette avheng av rammene som vert tildelt gjennom budsjettet kvart år.
- Vi søker utviklingsmidlar frå eksterne aktørar når dei vert utlyst. Dette gjeld mellom anna midlar frå UDIR og kulturskulerådet.

### 6.3 Utvikling av fagplanar

- Fyresdal kulturskule ynskjer å starte arbeidet med implementering og utarbeiding av lokalt tilpassa fagplanar innan kvart fagfelt og instrument vi underviser i i kulturskulen
- Dette skal vere eit samarbeidsarbeid mellom rektor og tilsette

